

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/851 - 20/35268

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
11.06.2020

Stadfestar mottatt klage på vedtak om dispensasjon for naust - gbnr 234/43 Eide ytre

Tiltak: Dispensasjonssøknad naust
Byggjestad: Gbnr: 234/43
Tiltakshavar: Vidar Lehmann

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentrarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 29.04.20.
Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølvé klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerdet vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølvé saka. Det sentrale for avgjerdet vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uopretteleg skade eller tap for partane.

I denne saka vil tiltaket føre til irreversible inngrep i strandsone, og kommunen vurderar det som rett at klagen bør ferdighandsamas før tiltaket kan igangsettast.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette vert det gjeve utsett iverksetting av vedtaket. Dispensasjonsvedtaket er derfor ikke gjeldande før klagan er endeleg avgjerd.

Denne avgjerdet er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på.

Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
 - Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
 - Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
 - Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
 - Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage - Alver - qbnr 234/43 Eide ytre - naust m m - dispensasjon

Kopi til:

Kopf III:
Vidar Lehmann

Søreidtræet 22

5251 SØRFIDGRFND

Mottakarrar:

Meldarar:

Fylkesmannen i Vestland

Niøsavegen 2

6863 I FIKANGFR